



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Thon hotell/Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	08.09.2015
<b>Tid:</b>	14:00 – 19:05

---

### Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

---

### Forfall:

Camilla Storøy	MEDL	KRF
Olaug Andreassen	MEDL	AP

---

### Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy	KRF
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V

---

Andre: Rådmann Olaus Jon Kopperstad      Politisk sekretær Brit Berge  
Planleggar Berit Sandvik Skeide      Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet starta med nabopratt med Hareid kommune på Thon hotell.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:

Ann-Kathrin (Tine Storøy) og Tor Sindre Steinsvik

F-sak 164/15, 168/15 og og 169/15 vart handsama fyrst i møtet.

Karly Teige, FRP kom med framlegg om at Herøy kommune søker Helsedirektoratet om å vere med på prøveordning med statleg finansiering av omsorgstenester – SIO-prosjektet.

**Skriv delt ut i møte:**

Notat u. off §23.1 frå rådmannen datert 07.09.2015 – Lønsforhandlingar 2015 kap. 3 og 5.  
Rådmannen orienterte. Saka vart drøfta.

Notat frå servicetorget datert 07.09.2015 – Løyve til sal av alkoholhaldig drikk på valdagen.

Ole Brubakk Krf kom med slikt framlegg til vedtak:

Herøy formannskap viser til hovudprinsippa i rusmiddelpolitisk handlingsplan og fastset at det ikkje kan seljast alkoholhaldig drikk på valdagen 14. septmber 2015. . Korleis dette spørsmålet skal handhevast i framtida, vert prinsipielt avklara i kommunestyret ved neste rullering av ruspolitisk handlingsplan.

Saka hastar og vedtaket er derfor gjort i medhald av kommunelova § 13.

Framlegget frå Ole Brubakk fekk 4 røyster.

Det vert dermed løyve til sal av alkoholhaldig drikk på valdagen 14. september 2015 ifylgje lovendring av 1. januar 2015.

---

underskrifter

Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Arnulf Goksøyr

Tor Sindre Steinsvik

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 160/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 161/15	Protokoll frå førre møte
PS 162/15	Delegerte saker
PS 163/15	Referatsaker
PS 164/15	Detaljreguleringsplan for Frøystad gamle skule - utlegging til offentleg ettersyn
PS 165/15	Overtakelse av anlegg - uteområde ved nytt hotell
PS 166/15	Løyve til utlysing stilling barnevern og psykisk helse
PS 167/15	Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015 - 2019
PS 168/15	Detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr. 222 mfl. Eggesbø - handsaming etter offentleg ettersyn
PS 169/15	Klage på vedtak - Reguleringsplan FV 654 indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua
PS 170/15	Oppretting av heimlar og budsjettkorrigerering i Bu- og habiliteringsavdelinga
PS 171/15	Søre Sunnmøre Landbrukskontor - organisering. Delegerte saker frå avdelingane
DS 13/15	Kjøp av tomt 12/277 - Remøya Referatsaker
RS 45/15	Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2016 - 2023
RS 46/15	Høyring - innføring av eit register for offentleg støtte.
RS 47/15	Til alle kommunepolitikere - Adopsjonsforum
RS 48/15	Likestillingsprisen 2015
RS 49/15	Melding om vedtak i styresak 30/2015 frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Naboprat med Hareid kommune på Thon hotell Fosnavåg.

## **PS 160/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 161/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 162/15 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 163/15 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 164/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR FRØYSTAD GAMLE SKULE - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN**

### **Møtebehandling:**

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 08.09.2015**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

## **PS 165/15 OVERTAKELSE AV ANLEGG - UTEOMRÅDE VED NYTT HOTELL**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 08.09.2015**

1. I samsvar med vedteken utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Vekst as og overtakingsforretning av 27.08.2015, overtek Herøy kommune uteområde ved nytt hotell/konserthus/simulatorsenter.

## **PS 166/15 LØYVE TIL UTLYSING STILLING BARNEVERN OG PSYKISK HELSE**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 08.09.2015**

1. Formannskapet gir løyve til utlysning og tilsetning i stillingane som leiar av barnevern og som leiar av psykisk helseteneste i avdelinga for Barn-, familie- og helse.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

## **PS 167/15 KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - BUSTADPOLITIKK 2015 - 2019**

### **Møtebehandling:**

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 08.09.2015**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å leggje *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019*, sist revidert 31.8.2015, ut til offentlig ettersyn i seks veker.

## **PS 168/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 37, BNR. 222 MFL. EGGESBØ - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN**

### **Møtebehandling:**

Saka vart handsama som nummer to i møtet.  
Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 08.09.2015**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr. 222 mfl. på Eggesbø, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 4.8.2015.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

## **PS 169/15 KLAGE PÅ VEDTAK - REGULERINGSPLAN FV 654 INDRE HERØY KYRKJE - STOKKSUNDBRUA**

### **Møtebehandling:**

Saka vart handsama som nummer tre i møtet.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 08.09.2015**

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Kåre Leif Jensholm av 25.06.2015, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan fv 654 indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua vart vedteke i møte 28.05.2015.

Klagen vert difor ikkje teke til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 62/15. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

## **PS 170/15 OPPRETNING AV HEIMLAR OG BUDSJETTKORRIGERING I BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 08.09.2015**

1. Oppretting av stillingsheimlar i Bu- og habiliteringsavdelinga ved Tofsetunet avlastning og Tofstøvegen omsorgsbustad vert gjort slik:

Ved Toftetunet Avlastning vert det oppretta 1 årsverk for fagarbeidar/assistent knytt til oppfølging i skule/avlastning. Ressursar er innarbeid i 2015 budsjettet.

Ved Toftestøvegen omsorgsbustad vert det oppretta 0,82 årsverk knytt til fagarbeidar/miljøarbeid og 1,14 årsverk knytt til miljøterapeut i omsorgsbustad. Inndekning som vist til i saksutgreiing og vedlegg.

2. Budsjettkorrigerings for 2015, vert utført som skissert i vedlegg.

## **PS 171/15 SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR - ORGANISERING.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 08.09.2015**

Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert organisert som i dag med følgjande endringar:

Styret sine arbeidsgjevaroppgåver vert overført til Herøy kommune. Folkevalt styre etter KL § 27 vert frå komande valperiode (2015-2019) erstatta av styre beståande av rådmennene i medlemskommunane. Vedtektene vert justerte i tråd med dette og formannskapet får delegert mynde til å godkjenne desse.

Framtidig organisering av landbrukskontoret vert i neste omgang vurdert som del av kommunereformarbeidet tilliks med andre samarbeid mellom kommunane.

**MØTET SLUTT!**

**DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

**DS 13/15 Kjøp av tomt 12/277 - Remøya 18.08.2015 00:00:00 Catharina Klock Eide**



## **REFERATSAKER**

**RS 45/15 Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2016 -2023  
Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2016 -2023  
19.08.2015 00:00:00 Møre og Romsdal fylkeskommune**

**RS 46/15 Høyring - innføring av eit register for offentleg støtte. Høyring -  
innføring av eit register for offentleg støtte. 02.07.2015 00:00:00 Nærings- og  
fiskeridepartementet**

**RS 47/15 Til alle kommunepolitikere - Adopsjonsforum Til alle kommunepolitikere  
- Adopsjonsforum 24.08.2015 00:00:00 Adopsjonsforum, politisk utvalg**

**RS 48/15 Likestillingsprisen 2015 Likestillingsprisen 2015 21.08.2015 00:00:00  
Møre og Romsdal fylke**

**RS 49/15 Melding om vedtak i styresak 30/2015 frå Søre Sunnmøre  
Landbrukskontor Melding om vedtak i styresak 30/2015 frå Søre Sunnmøre  
Landbrukskontor 28.08.2015 00:00:00 Søre Sunnmøre Landbrukskontor**